

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Utdanningsval	Kunna forklare 16 viktige omgrep.
Norsk	Emne: Litteraturhistorie - samanlikna og tolka romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå historisk kontekst og eiga samtid - lesa skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektera over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane
Engelsk	Emne: Democracy and citizenship - reading, writing and speaking about democracy and citizenship - using relative pronouns - evaluating sources - using quotes and references
Matematikk	Emne: Algebra. Kvadratsetningane og likningar. - Rekna med kvadratsetningane - Løysa likningar med og utan parentes
Samfunnsfag	Emne: Kriminalitet - Kjenna til ulike former for kriminalitet, og kunna beskriva nokre sentrale lovar - Drøfta årsaker til kriminalitet, og kva for konsekvensar kriminalitet kan få for enkeltmenneske, grupper og samfunn - Gjera greie for trekk ved ungdomskriminalitet og drøfte korleis dette kjem til uttrykk i dagens samfunn - Drøfta tiltak for å motverke kriminalitet
KRLE	Emne: Humanisme - Utforska og presentera sentrale trekk med humanismen - Samanlikna og vurdera kritisk ulike kjelder til kunnskap om humanisme - Få innsikt i korleis humanisme inngår i historiske prosessar i Europa
Naturfag	Emne: Energisystemet – Energi der han trengs - Gjera greie for produksjon, transport og lagring av energi - Beskriva og vurdera bruk av brensel som energikjelde og energiberar - Beskriva og vurdera nokre vanlege produksjonsmetodar for elektrisk energi - Utforska nokre metodar for produksjon av energi
Kunst og håndverk	Oppgåve: Sjablong - Samanlikna og vurdera ulike retningar og tradisjonar innanfor to- og tredimensjonal kunst - Designa produkt ut frå ein kravspesifikasjon for form og funksjon - Bruka ulike funksjonar i biletebehandlingsprogram - Skildra ulike løysingsalternativ i design av eit produkt ved hjelp av skisser og digital programvare
Spansk	- Repetera gerundium og det å beskriva bilete - Kultur: Chile og Spania - Refleksive verb i forskjellige pronomen. Repetere dagleg rutine.
Tysk	- læra meir om kjende personlegdommar frå dei tysktalande landa - å fortelja meir om personar - å bruka laust samansette verb

	• litt om futurum («werden» + infinitiv)
Eng fordj	• Samtala om framtidsvisjonar • Kunna forklara kva som kjenneteiknar ein dystopi
Arbeidslivsfag	• Planlegga praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag • Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav
Musikk	• Kunna spela 12-takters blues på sitt instrument saman med andre; eit band.
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planlegga dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter Vi skal produsera i veke 43 og planleggje mm i veke 44
Design	Kunna utarbeida idear og løysingsalternativ og vidareutvikle dei til eigne produkt.
Trafikk	Reflektera over og vise korleis trafikksikkerheitsutstyr kan redusera ulykker og skadar
Olweus	Kva er ein fordom? Korleis kan vi unngå fordommar?

INFORMASJON TIL HEIMEN

Elevundersøkelsen

Mellom veke 43 og 45 skal alle elevane på skulen gjennomføre elevundersøkinga. Dette er ei årleg undersøking der elevane får seie si meining om forhold som er viktige for å lære og trivast på skulen. Undersøkinga er anonym, og det er frivillig for elevane å svare. Vi oppmodar likevel alle å svare, slik at vi på best måte kan bruke resultata for å arbeide med elevanes skulemiljø.

Arbeidslivsfag – heildags arbeidspraksis

Elevane som har arbeidslivsfag skal få ha ein heil dag med arbeidspraksis der dei skal jobbe

med treverk og sløyd. Halve klassen skal delta 23.10, og den siste halvdel skal delta 30.10. Dei blir derfor tekne ut av anna undervisning for å vere med på dette.

Elev-, og utviklingssamtalar

Lærarane er godt i gang med elevsamtalar. Så raskt som mogleg etter dette vil de få innkalling til utviklingssamtalar. Det vil også dei næraste vekene komme framovermeldingar i dei ulike faga på Visma.

Helsing oss på 10.trinn

HEIMEARBEID VEKE 43

Utdanningsval	Det vil i denne eller neste veke kome ei omgrepsprøve. Orda har me jobba med i haust og føresette bør øva med eleven. Orda eleven må forklare er: Studiespesialisering, studieførebuande, studiekompetanse, yrkesfag, læretid, fagprøve, fagbrev, påbygg, fagskule, Y-vegen, realfag, SSØ, førstegangsvitnemål, ordinært vitnemål, bachelor, master
Norsk	Les i boka di i minimum 30 minutt. Lesinga skal loggførast. Litteraturhistorie Me jobbar med dikt på skulen
Engelsk	Use the text the Value of Democracy - Aschehoug univers pp 72-74 in <i>Pages10</i> Choose five words from the text which you think will be useful when talking or writing about democracy and citizenship. Use the five words in sentences.
Matematikk	Kvadratsetningane og likningar Oppgåveboka s. 20, 21 og 22. Gjer oppg. 1.126, 1.127, 1.29, 1.130 og 1.132. Ta med deg regelboka eller grunnboka heim. Sjå på eksempel (døme) dersom du står fast. Ta bilete av heimearbeidet og lever på OneNote veke 43.
Samfunnsfag	Ungdomskriminalitet Sjå debatten på NRK TV frå 2.oktober som heiter "Barn som bomber" . Skriv fem faktasetningar frå episoden.
KRLE	Humanisme Skriv ned ei liste over ting alle religionar har til felles.
Naturfag	Energisystemet – Energi der han trengst Lytte på Podcast del 3 samtidig som du støvsug rommet, trener, går/spring ein tur eller liknande. Podcasten finn du på Teams eller Innhaldsbiblioteket - Energisystem på OneNote. Svar på oppfølgingsspørsmål. Skriv i skrivebok, ta bilete og lim inn OneNote under Heimearbeid eller ta opptak av munnleg svar og sett inn i OneNote under Heimearbeid 1. Podcasten forklarar at i vasskraftverk blir rundt 90 % av energien i vatnet til elektrisk energi. Kva tenker du om at denne måten å lage straum på er meir effektiv samanlikna med for eksempel solceller, som berre utnyttar 15–20 % av energien frå sola?
Spansk	Førebu deg til skriftleg prøve på torsdag.
Tysk	Jobb med ON, Woche 43, Hausaufgabe
Eng fordj	Arbeid med sterke verb <i>spread-swear</i> . Det blir test på torsdag.

Arbeidslivsfag	På torsdag skal halve klassen ha prosjekt i kunst og handverk salen hele dagen.
Musikk	Hardt arbeid i timane vil gje deg framgang på instrumentet ditt. Dersom du ikkje har god framgang i timane, må du øve utanom timane.
Trafikk	På torsdag skal me på tur til NAF sin øvingsbane på Bue. Oppmøte 17.30

HEIMEARBEID VEKE 44			
Utdanningsval	Sjå veke 43.		
Norsk	Les i leseboka di i minimum 30 minutt. Lesinga skal loggførast. Litteraturhistorie Me jobbar med motiv, tema og budskap i dikt på skulen.		
Engelsk	Look at the infographic.		
Matematikk	Kvadratiske likningar Oppgåveboka s. 23, 24 og 26. Gjer oppg. 1.135, 1.136, 1.137, 1.138 og 1.140. Ta med deg regelboka heim, eller grunnboka. Sjå på eksempel (døme) dersom du står fast. Ta bilete av heimearbeidet og lever på OneNote veke 44.		
Samfunnsfag	Straffereaksjonar 1. Les "Kva skjer når loven blir broten?" på aunivers. 2. Fyll ut skjemaet på OneNote.		
	Omgrep	Forklaring	Døme/Illustrasjon
	Forenkla førelegg		
	Bot		
	Fengsel utan vilkår (ubetinga fengsel)		
	Fengsel på vilkår (betinga fengsel)		
	Samfunnsstraff		
	Forvaring		
	Konfliktrådet		
	Tvungen psykisk helsevern		
Ungdomsstraff			
KRLE	Humanisme		
Naturfag	Les samandrag frå begge emna (i boka eller på aunivers.no) • Energi frå kjemiske reaksjonar • Energisystemet – energi der han trengs Finn du nokre samanhengar i dei to emna? Skriv dei ned i skriveboka di, ta bilete og lever på Onenote under heimearbeid veke 44		
Spansk	Kva gjer du før du begynn på skulen. Skriv minst 5 setningar om din daglege rutine på spansk.		

Tysk	Leksesjekk på torsdag, ON, Woche 44, Hausaufgabe
Eng fordj	Arbeid med sterke verb <i>sweep-tread</i> . Det blir test på torsdag.
Arbeidslivsfag	På torsdag skal halve klassen ha prosjekt i kunst og handverk hele dagen. Dei som er på matlagingsgruppa skal på eit bedriftsbesøk på fredag i 6.time
Musikk	Hardt arbeid i timane vil gje deg framgang på instrumentet ditt. Dersom du ikkje har god framgang i timane, må du øve utanom timane.
Design	
Trafikk	Avspasering.